



Skuleretta samfunnsfag 1



Sentrale tema i studiet blir forholdet mellom natur og samfunn, demokrati, medborgarskap, berekraftig utvikling og likestilling, før og no. Gjennom arbeidet vil du bli kjend med faga sine metodar og eigenart som vitskapsfag og skulefag. Studiet skal bidra til kunnskapsdeling i studentane sitt lærarkollegium. Studiet passar for deg som underviser på trinna 5-10. Studiet er delfinansiert med studieavgift. Kr 8.000 (kr. 4.000 pr. emne). Skuleretta samfunnsfag 1 har emna Demokrati og medborgarskap og Berekraft og globalisering. Nye emneplanar er under utarbeiding og vil bli publisert så raskt som råd.

Studieinnhald

Dette vidareutdanningstilbodet er retta mot lærarar som har lite eller inga tidlegare utdanning i samfunnsfag, og skal gje dei solid fagleg og didaktisk kompetanse til å undervise i samfunnsfag på 5.–10. trinn. Emna som inngår i tilbodet er utvikla spesielt for å gje lærarar djupnekunnskap om tema som er framheva i fagfomyinga, i tillegg til innføring i grunnlagsproblematikkar innan fag og didaktikk. Det eine emnet tilbyr fordjuping i demokrati og medborgarskap, det andre i berekraft og globalisering. Emna legger vekt på å integrere det digitale som didaktisk reiskap. Emna gir også studentane innsikt i nyare forskning innan fag og didaktikk. Det blir lagt vekt på å integrere utdanninga i studentane sin eigen praksis som lærarar, gjennom arbeidskrav som tar utgangspunkt i skulekvardagen og bidreg til kunnskapsdeling i egne kollegium.

Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

Undervisninga er nettbasert. Studentane skal nytte tilgjengeleg programvare og ressursider på Internett for løysing av oppgåver og for å tileigne seg kunnskap. Vi nyttar Canvas som digital læringsplattform. Canvas vert brukt aktivt til innlevering og rettleiing av skriftlege oppgåver. Det er ein føresetnad at studentane brukar desse verktyøya kontinuerleg, og aktivt tek del i dei læringsprosessane det vert lagt opp til. Du får tilgang til eit eige rom i Canvas for emnet så snart du er semesterregistrert. Sjå meir om dette her.

Aktuelle yrke og vidare studium

Vidareutdanningstilbodet Samfunnsfag 1 vil saman med Samfunnsfag 2 kvalifisere studentane til opptak ved HVO si erfaringsbaserte masterutdanning for lærarar, med fordjuping i samfunnsfag.

Studiepoeng / lengd: 30 / 2 semester (1 år)

Opptakskrav: Fullført lærarutdanning eller tilsvarande.

Søknadsfrist: 15. april i Lokalt opptak

Studiestart: Haust

Kontaktperson: For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18 studentsorvis@hivolda.no